
Fra: Hagen, Lilli-Ann <lilli-ann.hagen@dnb.no>
Sendt: søndag 28. april 2019 20:20
Til: Øyvind H Oddekalv; Nils Marton Aadland; Postmottak Meland; Jon Askeland; Jostein Borlaug; Postmottak Radøy; Ordfører Lindås; Nina Bognøy; Postmottak Lindås
Kopi: Aslaug Aalen (aslaugaalen@gmail.com); birgittejordal@gmail.com; Hilde Brendehaug Hugaas
Emne: Ny Meland ungdomsskule og mangel på handlekraft: Ope brev til ordførarane i nye Alver kommune
Vedlegg: Meland ungdomsskule_brev til ordførarane_280419.pdf
Kategorier: Rød kategori

Til ordførarar og varaordførarar i Meland, Lindås og Radøy.

FAU, elevrådet og SU ved Meland Ungdomsskule er svært uroa for plassmangelen og tilstanden til bygningsmassen på Meland ungdomsskule. Saka om ny skule er atter ein gong utsett i Meland kommunestyre, og det vert Alver kommune sitt ansvar å få på plass skulen som vi har venta på i snart 50 år. Vi vender oss no til dei tre ordførarane i nye Alver kommune og krev at denne saka må få høg prioritet i den nye kommunen, sjå [vedlagte](#) brev.

Vi viser også til samtale mellom Aslaug Aalen (leiar i FAU) og ordfører Øyvind Oddekalv der han var positiv til at representantar frå FAU, elevrådet og SU kan kome og informere nærmare om saka på kommunestyremøtet i Meland kommune den 15. mai 2019. På nettsidene til kommunen ser vi at møtet startar kl 15.00, men [fint om vi kan få ei tilbakemelding på når vi skal møte](#).

I tillegg vil vi gjerne invitere ordførarar og varaordførarar til ein kaffikopp med tilhøyarande omvisning på skulen slik at de skal få sjå med egne auge korleis tilstanden er. Vi håper de har tid og høve til å stille opp og vil setje pris på om de kan kome med [forslag eit par-tre aktuelle datoar/tidspunkt før sommarferien som passar for dykk](#), så vil representantar frå skule, elevar og foreldre stille opp.

Vi ser fram til å høyre frå dykk.

Ta gjerne kontakt med Lilli-Ann Hagen på tlf 92 85 47 46 dersom de har spørsmål.

Ha ein fortsatt fin søndagskveld!

For FAU, elevrådet og SU på Meland Ungdomsskule

Lilli-Ann Hagen
Nestleiar FAU Meland Ungdomsskule

This email with attachments may be confidential and intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed. The email may contain legally protected information. If you have received this communication in error, be aware that making use of the information, forwarding it, copying it, or disclosing its content to other persons, is strictly prohibited and may be punishable by law. Please inform the sender about the error in transmission immediately.
